



Ferjesambandet Stord-Kvinnherad

Politisk referansegruppe 31. oktober 2016

Matti Torgersen

Kommunedelplan for ferjeleie på Stord-sida (2008)

Tilleggsutgreiing Djupavikneset 2011

- SVV, HFK og Kvinnherad kommune rådde til Kvernaneset





Vedtak i Stord kommunestyre 9.12.2013

1. *«Kommunestyret vedtek å avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjærsholmane inn til vidare vert oppretthalden som ferjeleie på Stordsida.*
2. *Kommunestyret ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar for framtidige kryssingspunkt for ferjetrafikk mellom kommunane Stord og Kvinnherad basert på endeleg val av trase for ferjefri kyststamveg.*
3. *Kommunestyret ønskjer også å sjå spørsmålet i samanheng med planarbeidet for E39 over Stord med særleg vekt på trafikksikring og ein meir skånsom arealbruk for tilslutningsvegane knytta til dei ulike alternativ som vert fremja.*
4. *Kommunestyret ønskjer vidare ein dialog mot fylkeskommunen m.o.t. ein tidsplan for gjennomføring av prosjektet. Me ber fylkeskommunen vidare undersøka bruken av moderne raskare og miljøvenlege ferjer, og sjå på synergieffektar saman med t.d. Rogaland fylkeskommune*

Mulegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39

- Vurderte moglege ferjestø på begge sider av fjorden
- Vedtak i fylkesutvalet august 2015
 - *Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan løysast.*





Kvifor er sambandet Stord-Kvinnherad viktig?

- Alt for lang reisetid i dag
- Sambandet kan effektiviserast
- Sikre Kvinnherad sin tilknytning mot Stord og mot E39
- Viktig for å byggje opp Leirvik som regionalt senter

➔ Stort politisk engasjement for å finne ei løysing

- Framlegg om regional plan
 - > Ikkje tilslutnad for dette i Stord kommune
- Framlegg om teknisk økonomisk forprosjekt



Kva skal utgreiast


- Trinn 1: Etablere eit nytt ferjestø på Djupavikneset med utbetring av dagens vegsystem med gang- og sykkeltiltak inn mot Leirvik sentrum. Tilførsel til og frå ferjestøet vil gå langs noverande vegsystem gjennom Leirvik sentrum. Vidare leggje til rette for moderne og effektiv ferjedrift.
- Trinn 2. Etablere ei tunnelløysing frå ferjestø utanom Leirvik sentrum mot noverande E39
- Mulegheit for utbetring av flaskehalsar og trafikkfarlege punkt på FV 544 over Halsnøy fram til ferjeleiet på Ranavik

Tilleggsutgreiing 2011



- Tunnell Vabakken-Djupavikneset
- Kostnad 397 mill kr (2008)
- Tunnellkostnad over halvparten av kostnadene





Ådlandsvatnet

Landåsen

Ådland

Heiane

Leirvik

Eldøyane

Prosjekt	Trafikksignaler
E	Planlagt linje for E6 med nye ferdekkninger
C	Planlagt linje for E6 - Trossing og ferdekkninger



Statens vegvesen - Adm. senter for Trafikk og Vegvesen
 Oversiktskart
 Planlagt linje for E6
 Trafikksignaler



Utgreiingstema

- Vurdere om det vil vere behov for endring av dei premissane som er lagt for vegløyising og for storleik og lokalisering av ferjestø ved Djukavikneset i tilleggsutgreiing av FV 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Det må vurderast om det er mogleg med andre vegløyisingar i trinn 2 til ferjestø enn lang tunnell frå Vabakken.
- Avklare belastinga på dagens vegnett inn mot Leirvik sentrum og vidare mot E39, og avklare på overordna nivå behov for tiltak på vegnettet.
- Kalkulere innspart reisetid og utarbeide trafikkprognosar for ferjesambandet og for vegnettet inn mot Leirvik sentrum og mot E39.
- Vurdere framtidig driftskonsept på ferjesambandet, under dette kor mange ferjer, storleik på ferjer og fart. Kostnader for drift av sambandet må kalkulerast, basert på dei miljøkrav Hordaland fylkeskommune har set.
- Vurdere konsekvensar for ytre miljø av tiltaka (ikkje prissette konsekvensar) basert på tilgjengeleg informasjon.
- Oppdatere kostnadsanslaga for nytt ferjestø og for tunnell basert på Anslag-metoden innafor ei usikkerheit som er vanleg på kommunedelplannivå.
- Kalkulere bompengepotensialet gjennom påslag på ferjetakst.
- Gi ei skisse til framdriftsplan for utbygging.



Framdriftsplan

Milepelar	Frist	
Oppstart politisk referansegruppe	Ultimo oktober	Rapportering – Førebels politiske tilbakemelding
Møte i politisk referansegruppe Orientering i kommunestyra	Primo desember 2016	Avklare om løysing let seg gjennomføre Frist for å kome med i RTP
Ferdigstilling av forprosjekt	Februar 2017	Frist endeleg rapport
Politisk handsaming	Vår 2017	Kommunestyra april Fylkesting juni Innspeil til handlingsplan RTP